

Kursrapport for JUS134: Rettshistorie og komparativ rett, våren 2011-08-03

skreven 05.08.2011 av faglærer professor dr.juris Jørn Øyrehagen Sunde

Føresetnadar for vellukka gjennomføring av JUS134

Det var i år fjerde gongen at JUS134 vart halda med meg som faglærer og den enno gjeldande grunnstrukturen. Tanken var at kurset skulle finna si form i løpet av dei tre fyrste åra, for så å haldast om lag over same lest, bare med einskilde endringar frå år til anna. Den utviklingsplanen for kurset nådde ein eigentleg alt etter andre året, og i fjor som i år har det eigentleg bare vorte gjort endringar som i liten grad har rokka ved grunnstrukturen.

Å ha ein klar grunnstruktur har vore viktig for å studentane skal forstå faget. JUS134 er som fag ganske ulike andre fag på studieplanen, og det er difor viktig med stabilitet for at det skal danna seg ein idé om faget som vert overført frå eit kullet til anna. Det har ein no klart, og det lettar gjennomføringa av kurset.

For å få til den ønskte stabiliteten i faget har det vorte lagt mykje arbeid ned i å halda fast ved storgruppeleiarane og sensorane i faget. Det har ein lukkast med. Men eit problem i år var at ein av storgruppeleiarane på kurset ikkje fekk løyve av forskingsdekan til å undervisa i kurset fordi vedkomande i så fall ville koma i konflikt med den nye overtidsregimet på universitetet i Bergen. Å mista ein storgruppeleiar ganske kort tid før undervisningsstart er uheldig for kurset, og uheldig for den som tek på seg oppgåva som erstattar, fordi vedkomande får for lite tid til å koma opp på nivået til dei andre storgruppeleiarane. Vonleg vil ein enten få ordna gjeldande reglar om overtidsbetaling, slik at dei vert betre tilpassa tilhøva på Det juridiske fakultet i Bergen. Men det at ein etter kvart får stipendiatar som sjølv har eksamen i JUS134 vil òg gjer at ein kan avhjelpa denne typen uføresette endringar i lærarstaben i kurset. Men stabilitet vil likevel vera ein suksessfaktor, og arbeidet med å halda på storgruppeleiarar og sensorar må difor halda fram.

Stabilitet i høve til administrasjonen gjennom å ha same tredjeårsansvarlege år etter anna er òg svært viktig. Dess betre samarbeidet mellom faglærer og tredjeårsansvarleg, gjennom delte målsetningar for faget, avklarte arbeidsoppgåver og gjensidig forståing av kvarandre sin arbeidssituasjon, er viktig. Dette oppnår ein best gjennom samarbeid over tid. Dette samarbeidet fungerte svært godt fyrste, tredje og no fjerde året, men ikkje andre. Det må òg i framtida haldast nok samtalar mellom faglærer og tredjeårsansvarlege om faget og

faggjennomføringa til å sikra eit godt samarbeid. Men i motsetnad til tilhøvet mellom faglærar og storgruppeleiarar og sensorar kan sjølv stabiliteten kan i liten grad sikrast på dette viset.

Eit siste viktig faktor for å utviklinga av faget til no og vidare er studentevalueringane. Medan det fyrst og andre året kurset vart gjennomført var varierende kvalitet på tilbakemeldingane på faget, har dei vore svært gjennomtenkt og målretta dei to siste åra. Men alle åra har dei danna ein viktig del av grunnlaget for dei endringane som er gjort. Dei har òg motivert dei endringane som skal gjerast til neste år.

Summa summarum hadde ein i år studentar, storgruppeleiarar, sensorar og ein administrativt ansvarleg som kjende faget. Eit fag som har vore gjennom to år med store endringar, og to år med mindre endringar, basert på erfaring med kursgjennomføringa. Dette er årsaka til at kurset reint praktisk vart ganske problemfritt gjennomført.

Sjølv gjennomføringa av undervisninga

Førelsingane er den delen av kurset som er minst endra, fordi dei har fungert ganske godt frå dag ein. Ikkje minst den utfyllande førelingsdisposisjonen gjer at dei ulike delane av hovudlitteraturen heng saman, noko som gjer at ein unngår frustrerte studentar som sloss med eit fragmentert litteratur i faget. Det har skjedd ein viss auke i talet på førelingstimar, som no er tilstrekkeleg stort. Det har òg skjedd ein viss auke i omfaget av førelingsdisposisjonen, som no òg er tilstrekkeleg stor.

Då eg byrja å førelesa i faget for fire år sidan var eg varsam med å ta inn nytt stoff frå forskingsfronten, fordi eg var redd det ville forvirra studentar som bare ville ha kunnskap som var direkte eksamensrelevant. Men på grunn av positiv respons på det eg trass alt tok med av ny forskning, har dette vorte ein større og større del av førelingane. Og tilbakemeldinga er bare overveldande positiv. Så i år tok eg til òg med heilt nye tankar som enno ikkje er skriftfest, og sjølv på det var responsen bare positiv. Samstundes skal eg vera varsam med å få for langt, fordi for mykje nytt stoff er eit problem med dei som strevar med å halda seg på eit C-nivå. Likevel er det fantastisk å sjå korleis B- og særleg A-kandidatane konsumerer det nye stoffet, og korleis det verkar frigjerande for deira eiga tankeverksemd.

Storgruppeoppgåvane vart svært endra etter fyrste året, og har etter den tid fungert godt, noko som òg var tilfellet i år.

Sjølv gjennomføringa av storgruppene vart òg radikalt endra etter fyrste året, ved at studentane ikkje lenger har plikt til å førebu ei oppgåve. Problemet er at ein i beste fall oppnår at 30% av deltakarane på ei storgruppe deltek aktivt, medan dei andre bare noterer det som

vert sagt. JSU sjølve har føreslått at ein skal krevja at alle møter tilstrekkeleg førebudd til å presentera oppgåva. Det er diverre mange studentar i mot, og så særleg dei som strevar med å halda seg på C-nivået, som trass alt er omlag 30 til 35%. Om noko skal gjerast må vurderast. Det er inga krise som gjer at endringar av denne typen for å auka aktiviteten er turvande. Men ein aktivitetsauke er ønskjeleg.

Det har vore eit problem tidlegare år at studentane vil ha svaret på oppgåvene på stirgruppesamlingane i staden for å drøfta korleis ein kan svara på oppgåva. Dette var ikkje tilfellet i år. Dette truleg fordi studentane, som tidlegare nemnt, no har ei forståing av faget, og veit at det ikkje er klare svar ein ønskjer, men nettopp ei evne til å drøfta.

Arbeidsgruppeoppgåvene var i år nye for å samla kunne reflektera ein heimeeksamen. Det vart med vilje gjevne svært opne oppgåver som skulle tvinga studentane til å ta stilling til kva det var spurt etter. Problemet var at mange hadde studerte arbeidsgruppeoppgåvesvar frå tidlegare år, og svarte på årets oppgåver med dei gamle oppgåvene som mal. Dette førte til frustrasjon mellom studentane. Men det gjorde òg at så godt som ingen les eksamensoppgåvene på andre premiss enn oppgåveteksten. Dermed vart målet nådd, sjølv om studentane nok følte at metoden var noko brutal. Men truleg er det no så tydeleg kommunisert til studentane at dei må lesa kvar oppgåvene og ikkje svara ut frå ein på førehand gjeven mal, at ein kan gje noko meir spissa arbeidsgruppeoppgåver til neste år.

Etter at det tredje året kurset vart halde vart innført ei nedre ordgrense for arbeidsgruppeoppgåvene, har oppgåvene halde eit jamt godt nivå. Det same gjeld kommenteringa, fordi det er verdt å leggja ned arbeid i den når oppgåvene jamt over er gode. Dette var òg tilfellet i år. Men ein del studentar tek opp Forvaltningsrett II medan dei studerer til eksamen i JUS134, og nokre av dei skriv ope at dei ikkje har tid til å skriva skikkelege arbeidsgruppeoppgåver. Dette er med å svekka kommenteringsmoralen på sikt. Vonleg vil ordninga med avgrensa rett til å ta opp igjen eksamenar hindra ei slik utvikling.

Plikta til å delta på arbeidsgruppemøte fell no bort. Eg er usikker på kva følgjer det vil få for JUS134. Mange arbeidsgrupper har ikkje fungert, og no vil alle sjølve kunna laga seg kollokviegrupper som fungerer. Det borgar for betre arbeid med arbeidsgruppeoppgåvene, og dermed betre læring. Men dei som strevar med å halda seg på eit C-nivå vil ofte prioritera å lesa i staden for å kollokviera, noko som vil føra til mindre arbeid med arbeidsgruppeoppgåvene, og dermed mindre læring. Det at arbeidsgruppeoppgåvene samla speglar ein heimeeksamen, og difor samla gje ei øving i å skriva ein, ei øving ein vanskeleg kan få på anna vis, er det einaste instrumentet eg som faglærer har til å sikra inngåande arbeid med arbeidsgruppeoppgåvene no når plikta til å delta på arbeidsgruppemøta fell bort.

Gjesteførelesinga i år vart halden av professor emeritus Kjell Åke Modéer. Studentane hadde fått melding om at innhaldet i førelesinga var ikkje knytt til eksamen i det heile, og det var difor læringsvilje som var einaste motivasjonsfaktor for å koma. Og det kom omlag 170 studentar. Dei fekk ei over ein time lang førelesing opphavleg halden for 60 tilsette ved Det juridiske fakultet i København. Og studentane følgde med. Ingen gjekk, og dei stilte svært gode spørsmål etterpå. Slik viste denne delen av studentmassen eit kunnskaps- og refleksjonsnivå på nivå med kva studentkull på kva universitet som helst. Modéer sjølv, som har førelest på dei fleste kontinent, var mektig imponert over nivået. Hans utlegningar til kollegaer har gjort at eg som faglærer no mottek indirekte førespurnadar om å få vera gjesteførelesar på JUS134.

Eksamen

I år vart det for fyrste gong arrangert heimeeksamen i JUS134. Resultatet var over all forventning, og ordinga vil verta gjennomført neste år òg, men med visse endringar.

Heimeeksamen vart innført fordi mange fekk problem med å reflektera og skriva ut sine resonnement på skuleeksamen. Tanken var at med betre tid ville studentane i større grad skriva ein eksamen som reflekterte deira kunnskaps- og refleksjonsnivå. Det oppnådde ein gjennom færre E- og D-oppgåver, og fleire C- og B-oppgåver. Det karakternivået ein no er på er i seg sjølv tilfredsstillande. Men med tanke på at det var 450 studentar som tok eksamen i eit kurs for eit kull på 350, er det grunn til å tru at ein mellom E- og D-kandidatane finn ganske mange gjenntaksstudentar som hadde lite tid til å lesa seg opp. Dermed er det grunn til å tru at med færre gjenntaksstudentar etter den nye gjenntaksregelen, vil karakternivået faktisk heva seg utan andre endringar.

Men det bør skje ei endring. Mange kandidatar har klara over at 2 døgn var for lite tid. Og det er det om ein vil at studentane skal få god nok tid til å visa sin refleksjonsevne. Påfallande mange at dei som ringde for å få sensurgrunngeving fekk best karakter på den eksamensdelen dei prioriterte innan strame rammer. Men lengre tid vil dei kunna leggja like mykje tid ned i alle eksamensdelane, og dermed vil karakternivået heva seg enno meir.

Ei anna endring som bør finna stad er ei heving av ordgrensa frå 4000 til 5000 ord. Dette for at studentane skal få betre plass til å skriva ut kunnskapen sin. Samstundes bør det vera ei ordgrense, fordi den med mykje kunnskap klarar å fatta seg kortare enn den med lite, og det skal få prega oppgåvene.

Heimeeksamen har altså gjeve studentane betre høve til å visa kva kunnskap dei har, og kva evne til å bruka kunnskapen dei har tileigna seg. Men ein utilsikta verknad av eksamen

var læringseffekten av å arbeida intens med stoffet over to døgn. Frå C-oppgåvene og oppgåver kunne ein lesa mellom linjene kva samanhengar kandidatane oppdaga under arbeidsprosessen. Og ein del av karakterløftet skuldast faktisk den læringa som skjedde under sjølvve eksamen. Men lengre eksamenstid vil ein oppnå meir læring. Samstundes skuldast noko av læringa den intense arbeidsperiode, og ein bør ikkje utvida eksamenstida til meir enn tre døgn.

Sensuren på heimeeksamen har vore krevjande. Litt av poenget med heimeeksamen var å gje store og opne oppgåver som gjorde at kandidatane kunne forma svara meir på sin eigen måte enn etter ein mal. Dette gjorde at sensorane ikkje kunne følgja ei smørbrøddliste over tema som måtte handsamast, men måtte bruka skjønn for å vurdera heilskapen i eksamen. For å letta deira arbeid må sensorrettleiinga baserast på fleire leste oppgåver, og den må vera meir inngåande enn det som var tilfellet i år. Vidare bør strykkontrollen kanalisert til ein utryggleikskontroll. Det var bare ei oppgåve som strauk i år, og dei ressursane som dermed vert frigjevne bør ein bruka til ei ordninga der faglærar kan vera andresensor på inntil 10% av oppgåvene i kvar kommisjon som sensor føler er vanskelege å karaktersetja. Det bør òg veljast ut ein av sensorane som er andresensor på dei oppgåvene faglærar vil ha ein samtalepartner på.

I år skreiv alle sensorane ein sluttmerknad som kandidatane kunne lesa på Kark. Dette har gjort at fleire enn før har ringt for å få ei grunngeving. Denne samanhengen må utforskast og avklarast før ein tek stilling til om ordninga bør vidareførast.

Anna

Hovudlitteraturen i faget kan verta betre. Difor skal *Rendezvous of European Legal Cultures* reviderast, og gjevast eit komparativt tillegg, i løpet av 2012 slik at ei ny utgåve er klar 2013. Og difor skal *Speculum legale – rettsspegele* reviderast vinteren 2014 slik at ein ny utgåve er klar 2015.

Undervisningsromma i Gamlebygget på Det juridiske fakultet er utilfredsstillande. Årsaka er at romma må møblerast som eit klasserom i staden for at ein kan laga ein hesteskoformasjon som i lagt større grad fremmar studentaktivitet. Det er inga endring i kursopplegget som er så prekær som denne, men bare ei endring er meir utopisk med tanke på kva undervisningsrom som faktisk finst tilgjengeleg på fakultetet.

Den meir utopiske endringa er at talet på deltakarar i storgruppene burde halverast for å få større studentaktivitet, og større intensitet i læringa. Dette finst det ikkje midlar eller rom til i dag, og heller ikkje i overskødeleg framtid. Men lærekreftene finst i dag i Forskargruppa

for rettskultur. Og den dagen ein får innført dette, vil læringsutbyttet for studentane auka med 50%.

Avsluttande merknad

JUS134 er i stor grad eit produkt av ambisjonane til professor Kåre Lilleholt og no avdøde professor Helge Johan Thue. Då eg tok over fagansvaret haldt eg fast med ambisjonane, men gjorde elles ein del store strukturelle endringar. Endringsprosessen vil aldri verta avslutta, men er for tida meir gradvis enn revolusjonær.

JUS134 var ved etableringa eit fag studentane ville ha bort frå studieplanen. I dag er det eit populært fag stadig fleire studentar ønskjer å gjera det godt i. Og når eg i år såg utover studenthavet på førelesingane, såg korleis studentane i år klarte å følgja med på ei gjesteførelesing opphavleg skriven for folk med doktorgrad, og når eg las eksamensoppgåver, var eg stolt. Fordi eg viste at den kunnskapen som studentane hadde tileigna seg ville auka kvaliteten på jussen dei skal praktisera, og dermed auka rettstryggleiken i samfunnet. JUS134 har overoppfylt ambisjonane til Lilleholt, Thue og meg sjølv, og det på rekordkort tid.